



Vindafjord kommune **Kommunedelplan for idrett, friluftsanlegg og kulturbygg.**

Framlegg til plan datert 15.08.15.
Vedtatt i kommunestyret 08.09.2015

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Planarbeidet – organisering	4
1.2	Mandat i samband med hovudrullering av planen	4
1.3	Det viktige initiativet	5
1.4	Planlegging etter plan- og bygningslova	5
1.5	Kommunale føringar	5
2.	Status	
2.1	Generelle rammevilkår	6
2.1.1	Statlege tilskot og prioriteringar	6
2.1.2	Fylkeskommunale tilskot	7
2.1.3	Kommunale tilskot og tenesteyting	7
2.1.4	Idrettsrådet – sentral samarbeidspartner	7
2.2	Idrettsanlegg	8
2.2.1	Fotballbanar	8
2.2.2	Symjehall og symjebasseng	8
2.2.3	Motorsportanlegg	8
2.2.4	Skytebanar	9
2.2.5	Fjellstøl og Ski- og Friluftsanlegg, Olalia Fjellstove og Olaliområdet	9
2.2.6	Idrettshus, fleirbrukshallar og gymnastikkalar	9
2.2.7	Orienteringskart	10
2.2.8	Anlegg for vannsport	10
2.2.9	Friidrettsanlegg	10
2.2.10	Ishall	10
2.2.11	Nærmiljøanlegg	11
2.3	Friluftsliv i Vindafjord	11
2.3.1	Tilrettelagde friluftsområde	11
2.3.2	Turstiar	11
2.3.3	Båtutfartsområde	11
2.4	Kulturbygg	12
2.4.1	Samfunnshus og bygdehus	12
2.5	Ungdomsklubbar	12
2.6	Fysisk aktivitet og helse	12
2.6.1	Medlemstal i idrettslag i Vindafjord kommune	13
2.6.2	Oversikt over aktivitetar organisert av dei ulike laga	13
2.7	Eigarskap	14
2.7.1	Kommunale forpliktingar for drift av anlegg	14
2.7.2	Interkommunale anleggssamarbeid	14

3.	Utfordringar i framtida og forventa utvikling	15
3.1	Føringar	15
3.2	Fysisk aktivitet og helse	15
3.3	Universell utforming	16
3.4	Idrettsanlegg	16
3.4.1	Fotballbanar	16
3.4.2	Symjehall og symjebasseng	17
3.4.3	Motorsportanlegg	17
3.4.4	Skytebanar	17
3.4.5	Skianlegg	17
3.4.6	Idrettshus, idrettshall og gymnastikksalar	17
3.4.7	Orienteringskart	17
3.4.8	Anlegg for vannsport	17
3.4.9	Friidrettsanlegg	17
3.4.10	Nærmiljøanlegg	18
3.5	Friluftsliv i Vindafjord	18
3.5.1	Tilrettelagde friluftsområde	18
3.5.2	Turstiar	19
3.5.3	Båtutfartsområde	19
3.6	Kulturbygg	20
3.7	Ungdomsklubbar	20
4.	Tiltaksplan	20
5.	Prioritert handlingsprogram	21
6.	Vedlegg	22
	Vedlegg 1. Kva er eit idrettsråd	22
	Vedlegg 2. Definisjonar på eigarskap, utvikling og drift	23
	Vedlegg 3. Oversikt over anlegg i Vindafjord kommune.	24
	Vedlegg 4. Kart	32

Bilder framsida:

Nye Olalia Fjellstove, har saman med ny turveg frå Opheim til Olalia ført til ein stor auke i aktivitetten i området. Her frå opninga av Olalia Fjellstove i juni 2014. Foto: Arne Frøkedal, Grannar.

Bjoa Båthavn i Apalvik gir eit godt tilbod til dei båtinteresserte i området og til båtturistar som tek turen innom.

Ølmedal Rundt har blitt arrangert i Imsland i 30 år.

Vågen skule er ein av fleire skular som har fått oppgradert sine anlegget dei siste åra



1. Innleiing.



Ved Sandeid skule er det bygd ein skatepark

1.1 Planarbeidet – organisering

Gjeldane kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbrygg skal hovedrullerast, og det vart oppretta ei arbeidsgruppe og styringsgruppe for dette arbeidet.

1.2 Mandat i samband med hovudrulling av planen

I følgje årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016, skal kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbrygg hovudrullerast. Dette skal ideelt sett gjerast kvart fjerde år, jf plankrav frå KD. Rullinga omfattar den tematiske delen og tiltaksdelen, utanom spelemiddeldel som skal rullelast kvart år.

Planen skal vere i tråd med plankrava som Kulturdepartementet (KD) stiller i høve til spelemidlar og statlege midlar. Planen skal innehalde prinsipp for ein samordna politikk, samt mål og strategiar. Den skal innehalde ei kartlegging og oversikt over kommunen sine idretts- og friluftsanlegg og kulturbrygg. Handlingsplanen må gi rom for vidareutvikling og samordning av dei ulike anlegga og bygga.



Med utgangspunkt i private initiativ vart det bygd nye idrettshallar i Skjold og Vikedal i førre

1.3 Det viktige initiativet

Mange gonger er det initiativ frå private som har gjort at det har kome nye idretts- og friluftsanlegg og kulturbygg i Vindafjord kommune. Ofte er det eldsjeler som gjennom stor eigeninnsats har etablert både anlegga og aktivitetar rundt desse. Også drifta av anlegga har vore basert på at desse eldsjelene har dratt lasset.

Framleis vil frivilligheita vere avgjerande for om kommunen skal kunne tilby innbyggjarane gode anlegg og positive aktivitetar.

1.4 Planlegging etter plan- og bygningslova

I følgje plan- og bygningslova § 11-1 kan det utarbeidast arealplan og handlingsprogram for del av kommunen, og handlingsprogram for bestemte verksemderområde, til dømes idrett og fysisk aktivitet. Lovens § 11-1 handlar om korleis kommunedelplanar skal behandles. Ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet er ein tematisk plan utan juridisk bindande verknad når det gjeld disponering av areal. Dei arealvurderingar som er gjort i planen må takast inn i komuneplanens arealdel for å få rettsleg verknad. Ifølge plan- og bygningslova kan det berre knytast motsegner frå offentlige myndigheter til arealdelar av ein delplan. Motsegner frå offentlige myndigheter til kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er difor ikkje aktuelt.

I planstrategi for Vindafjord kommune 2012-2016 er anleggsplanen omtala på side 38

Sitat: Handlingsdelen av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg skal rullerast kvart år. Ved slutten av perioden blir den gjennomgått på ny og innarbeidd i den nye, planlagde kultur- og fritidsplanen.

1.5 Kommunale føringer

Kommuneplanen 2007-2018, har følgjande føringer for idrett og friluftsliv:

1.7 Friluftsliv/folkehelse

Målsetjing er at Vindafjord kommune skal vere ein "Frisk i friluft" kommune. Det skal leggast til rette for friluftsopplevingar i nærmiljøet, for båtfart på sjøen og for bade- og båtplassar. Sikre allmenn ferdsel og tilkomst til strandsona og andre natur- og friluftsområde. Legga til rette for funksjonshemma.

2.2 Barn og unge

Prioritering av tiltak som fremjar fysisk aktivitet og friluftsliv. Kulturavdelinga vil i arbeidet med turstiar prioritere å legge desse til rette også for barn og unge.

2.7 Kultur

Vindafjord kommune vil legge til rette for tiltak som gir innbyggjarane gode fritids- og kulturtilbod. Stimulere til å oppretthalde den frivillige innsatsen og dugnadsånda hos lag og organisasjoner ved tettare samarbeid og ved styrking av den kommunale tilskotsordninga. Satse særleg på barn og unge sitt kultur- og fritidstilbod. Redigere kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg og rullere handlingsdelen årleg.

Kommuneplanen skal i løpet av 2015 vere revidert, og vedtak om ny kommuneplan skal gjerast av kommunestyret våren 2016.



2.Status



I neste planperiode vil det vere fokus på oppgradering av anlegg heller enn det å byggje nye. På forsommaren 2015 starta det eit arbeid som vil gi fotballbanen på Skjold Idrettsanlegg nytt kunstgrasdekke.

2.1 Generelle rammevilkår

2.1.1 Statlege tilskot og prioriteringar

Staten har som mål å bidra til bygging og rehabilitering av infrastruktur, slik at flest mogeleg kan drive idrett og fysisk aktivitet. Det offentlege har likevel ikkje ansvar for å etablere anlegg for alle typar særidrettar og ferdighetsnivå i alle lokale samanhengar. Det er viktig og nødvendig at det blir gjort behovsvurdering lokalt, på regionalt og nasjonalt nivå. I den samanheng er det viktig for staten å framheve at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidlar er born (6-12 år) og ungdom (13 – 19 år).

Tildelinga av spelemidlar til eit anlegg vil ofte vere avgjerande for om anlegget blir realisert eller rehabilitering gjennomført. Det kan vere inntil fire-fem års ventetid på spelemidlane frå dei blir tildelt til dei blir utbetalt.

I Vindafjord kommune er det ei rekke idretts- og friluftsanlegg og kulturbrygg, nokre private og andre kommunale. Idrettslag og andre har bygd opp mange av desse og lagt igjen ein betydeleg dugnadsinnsats. Det er viktig å ta høgde for at anlegga i framtida skal driftast og vedlikehaldast, og at dette kostar pengar.

Der er eit krav (frå KD) at anlegga skal vere i god stand og vere opne for organisert idrett i 30 år.

2.1.2 Fylkeskommunale tilskot

Fylkeskommunen har ei rekke tilskotsordningar og yter mellom anna tilskot til regionale anlegg.

2.1.3 Kommunale tilskot og tenesteyting

Investeringstilskot

Vindafjord kommune yter Investeringstilskot til bygging og rehabilitering av anlegg etter søknad, og yter rentestøtte, etter søknad, for lån til anlegg som er godkjende for spelemidlar.

Når det gjeld kommunale tilskot er det utarbeidd retningslinjer for tildeling av slike.

Kommunale tilskot til lag og organisasjoner

Lagsarbeid er ein viktig berebjelke i samfunnet. Direkte støtte gir handlingsrom for organisasjonane. Vindafjord kommune bør ha fokus på å gi tilskot til frivillig sektor. Ei krone til lag og organisasjoner gir mangedobbelt tilbake. Ved å byggje i regi av idrettslagene blir det utløyst stor dugnadsinnsats, samt store rabattar. Fleirbruksanlegg skal ha prioritet.

Kommunal sakshandsaming og rettleiing

Vindafjord kommune yter rådgjeving og sakshandsaming i samband med søknad om spelemidlar.

Andre tilskot

Årleg driftstilskot blir fordelt etter retningslinjer.

- Tilskot til kurs/leiartrening, prosjekt, underskotsgaranti for arrangement med vidare.
- Vindafjord kommune er medlem i Friluftsrådet Vest, og yter eit årleg tilskot i forhold til folketal. For 2014 utgjer dette rundt 120.000 kroner.
- 1,2 million i årleg tilskot til partslaget som driv symjehalldelen i Vindafjordhallen for Vindafjord kommune.

2.1.4 Idrettsrådet - sentral samarbeidspartner

Idrettsrådet er eit felles organ for all idrett i kommunen som er organisert i Noregs Idrettsforbund og Olympiske komite gjennom Rogaland idrettskrets, og underlagt NIF sine lovar og vedtekter. Dei 12 idrettslagene i Vindafjord kommune med medlemskap i NIF, blir automatisk medlem i Idrettsrådet i Vindafjord kommune. Idrettsrådet skal vere høyningsinstans for Vindafjord kommune i saker som vedkjem idretten. Sjå Vedlegg 1 for meir informasjon om idrettsrådet.



Hatteland Stadion ved Vindafjordhallen i Vats er oppgradert med kunstgras dei siste åra og no ligg også nytt garderobebeanlegg ved banen inne i prioritert handlingsprogram. SK Vats eig og driv anlegget.



2.2 Idrettsanlegg

I Vindafjord kommune er det ei rekke anlegg og område for ulike aktivitetar. Utviklinga og oppbygginga av desse har ulik bakgrunn, frå offentlege anlegg til private anlegg, og anlegg som er bygd i samarbeid mellom private og det offentlege.

Drifta er også organisert ulikt, frå rein kommunalt finansiert drift, til drift der alt er finansiert gjennom private midlar og dugnad.

2.2.1 Fotballbanar

I Vindafjord kommune er det fotballanlegg i alle bygder. Det er grusbanar i Vikedal, Vats, Skjold, Vikebygd og Bjoa. Det er grasbanar i Vikedal, Skjold, Vikebygd og Bjoa. Kunstgrasbanar er det i Sandeid, Vats, Skjold, Lundeneset og to i Ølen. Banane har ulike driftsmodellar.

2.2.2 Symjehall og symjebasseng.

Vindafjord kommune har to symjebasseng ; i Ølen og på Kårhus i Nedre Vats. Bassenga har ulik storleik og bruk. Bassenget i Vats er 25x12 meter og har to stupebrett på 1 og 3 meter. Bassenget i Ølen er 10x12 meter. Det vart i 2006 gjennomført ei rehabilitering av bassenget i Vats, og taket på bassenget i Ølen vart hausten 2014 rehabilitert.

2.2.3 Motorsportsanlegg

I Vindafjord kommune finst den einaste bilsportsbanen i sitt slag på Haugalandet. Når det gjeld bilcrosstrassen på Vikedal Motorbane er den eine av to i Rogaland, og for rallycross er det den einaste traseen mellom Egersund og Bergen. Det er også trasear for motorsykkel, knattecross og motocross på Vikedal Motorbane. I Ølen og Vikebygd er det anlegg for trial.



Fikse skytebane. Det er ei målsetting at Fikse skytebane skal vere hovudanlegget for skyting i Vindafjord. Her er det både innandørs og utandørs skytebane og en bane for leirdueskyting.

2.2.4 Skytebanar

I Vindafjord kommune er det utandørs skytebanar i Vikedal, i Vats og på Fikse. Innandørs skytebanar i Vikedal, Sandeid, på Bjoa og på Fikse. Anlegget på Fikse er eit felles anlegg med Etne. I tillegg er det eit anlegg for leirdueskyting på Fikse.

2.2.5 Fjellstøl Ski- og Friluftsanlegg, Olalia Fjellstove og Olaliområdet.

Fjellstøl Ski- og Friluftsanlegg er det einaste interkommunale anlegget i Vindafjord, og vart opna i 1987. Kommunane Karmøy, Haugesund, Tysvær, Sveio, Bokn og Vindafjord var med å finansiere bygginga av anlegget, mot at Vindafjord kommune tok på seg driftsansvaret.

I siste planperiode 2008-2011 vart heile lysløypetrassen drenert og grusa opp slik at det trengst mindre snø for at den skal kome i drift om vinteren.

I 2006 vart det etablert ein ny løypetrasé frå Opheim, som er knytt saman med Fjellstøl Ski- og Frilufts anlegg. Friluftsrådet Vest er ansvarleg for denne.

Haugesund Turistforening driv Olalia Fjellstove, ein god times gange frå Opheim og Fjellstøl. I 2012 vart den gamle Olalihytta riven og arbeid med ny hytte starta. Den nye Olalia Fjellstove, saman med ny sikringshytte, blei opna sommaren 2014 i samband med Haugesund Turistforening sitt 75 år jubileum. I samband med oppgraderinga av hytta er det også bygd turveg inn til Olalia Fjellstove frå Opheim parkeringsplass, vegen er knytt opp til lysløypa på Fjellstøl Ski- og Friluftsanlegg.

Turvegen til Olalia Fjellstove er stengt med bom og er ikkje bygd eller berekna som køyreveg for bilar, men er bygd slik den er for å gje betre grunnlag for fotturistar og for å køyre skiløyper. Det vil i 2015 bli bygd ny rundløype mellom Opheim og Fjellstøl. Dette vil og bli ført straum fram til Opheim og servicebygget der.

2.2.6 Idrettshus, fleirbruksballar og gymnastikkalar



Ølen Idrettslag har bygd eit heilt nytt klubbhus med garderober ved Ølen Idrettsanlegg.

Vindafjord er godt utrusta med bygg for utøving av idrett, og kapasiteten er god. I siste planperiode vart det bygd to nye idrettshaller i kommunen, slik at det no er tre slike, i Vikedal, Ølen og Skjold.

Hallen i Ølen er eigd av Vindafjord kommune. Den vert leigd ut til Ølen Vidaregåande skule i skuletida. Utanfor skuletida vert den nytta kostnadsfritt av Ølen Idrettslag. Hallane i Skjold og Vikedal er i privat eige, bortsett frå garderobane i Vikedal, som er kommunale. Skjold Arena eig idrettshallen i Skjold og Vikedal Bygdahus eig idrettshallen i Vikedal. Vindafjord kommune leiger begge hallane til bruk i skuletida, og Vindafjord idrettslag og Skjoldar idrettslag leiger hallane til bruk etter skuletid.

Skulane i Sandeid, Vats, Ølen og Bjoa har eigne gymnastikksalar. Det har også Øvre Vats barnehage. Desse vert leigd ut kostnadsfritt til idrettslag og andre frivillige lag. Vindafjord kommune leiger gymnastikksalar i Imsland (Imsland Bygdahus), Vikebygd (Vikebygd Bygdahus) og Ølensvåg (Vågen Bygdasenter). På same måte som for dei private idrettshallane, betaler idrettslagene leige ved bruk av dei private gymnastikksalane.

2.2.7 Orienteringskart

Det er utarbeidd ei rekke orienteringskart i Vindafjord kommune, totalt er det i samband med denne planen i 2008 registrert at det er utarbeidd 29 kart. Kvaliteten på karta er noko ulik og det kan vere behov for ein gjennomgang og revisjon av dei som skal nyttast vidare. Bjoa O-lag gjennomførte i 2013 ein revisjon og oppgradering over Loklifjell-kartet.

2.2.8 Anlegg for vannsport

Ved hjelp av Vindafjord kommune og private firma vart det i 2006 kjøpt inn fem optimistjollar til Vikedal Båtforening for etablering av eit seglmiljø. Dette på ein stad der tilhøva ligg godt til rette for dette, både når det gjeld kaianlegg og sjøforhold.

2.2.9 Friidrettsanlegg

På Skjold, Bjoa og Vikebygd Idrettsanlegg er det løpebanar rundt fotballbanane. I Vikebygd og Skjold er det hoppegrop og Vikebygd kulering.

Idrettslag i Vindafjord kommune har tilgang til regional innandørs friidrettshall og utandørs friidrettsanlegg i Haugesund, og kan nytta hallen til same kostnad som vertskommunen sine lag. Det må gjerast avtale for bruk av hallen.

2.2.10 Ishall

Idrettslag i Vindafjord har tilgang til den regionale ishallen i Haugesund, og kan nytte hallen etter avtale.



Der den gamle skulen stod i Vikebygd er det no kome fleire nye småanlegg.



Skjøljavika i Vikebygd er eit av mange friluftsområde i Vindafjord som Friluftsrådet Vest har ansvaret for.

2.2.11 Nærmiljøanlegg

Dette er mindre anlegg som turstiar, leikeparkar, sandvolleyballbanar, ballbingar, sykkelbanar eller delanlegg i samband med skular og barnehagar for den uorganiserte aktiviteten. Alle bygdeane i Vindafjord kommune har ballbingar, i Vikedal er det to, og fem turstiar skal vere merkte i dei fleste bygdene.

2.3 Friluftsliv i Vindafjord

Vindafjord kommune er rik på utmark og fjellområde, og med tilknyting til to fjordsystem har kommunen også ei svært lang kyst og fjordstripe. Dette gjev svært gode muligheter for friluftsliv både til lands og vanns.



2.3.1 Tilrettelagde friluftsområde

Friluftsrådet Vest har tilrettelagt og held ved like mange friluftsområde i Vindafjord. Dei fleste langs fjordane, men også ved Opheim i Ølen har dei eit anlegg. Friluftsområde som Friluftsrådet Vest har ansvar for i Vindafjord kommune er badeplassane Kvaløy, Otertong, Li, Skjøljavika, Gardavika, Vedvika, båtutfartsområdet Romsa og parkeringsplass, friluftsområde på Opheim-Olalia Fjellstove ,og turstien frå Eikås på Bjoa via Vikestølshytta til Bjordal.

2.3.2 Turstiar

Vindafjord har mange turstiar, merka og umerka. Ansvarleg for desse kan vere grunneigarar, andre private, frivillige organisasjonar, kommune, friluftsråd eller turistforeining. Det vart i 2010 etablert ei turkartgruppe, der kommune, lag og foreiningar og private var representert. Vindafjord kommune har dei siste åra gitt ut brosjyren "Ut på tur", og for ulike område er det utarbeidd turkart og turbeskrivelsar. Ni turar ligg ute på telltur.no.

2.3.3 Båtutfartsområde

Som eit resultat av den lange kyststripa har Vindafjord kommune også svært mange båthamner. Dei fleste tilrettelagde for gjester. I tillegg har me Romsa som eit tilrettelagt båtutfartsområde. Det er båtutsettingsplassar i Kvaløy, Vikedal, Vats, Isvik, Haraldseidvågen, Vikebygd, Innbjoa, Ølensvåg og Ølen. For nokre av desse må det betalast avgift for utsetting av båt.



Imsland bygdahus. Alle dei ni bygdene i Vindafjord har kulturbygg. Bygga er ein arena for aktivitet, og er viktige møteplassar for folk.

2.4 Kulturbygg i Vindafjord

2.4.1 Samfunnshus og bygdahus

I Vindafjord er det ulike benemningar på kulturbyggja: Bygdahus, kulturhus og samfunnshus. Husa i Imsland, Vikebygd, Bjoa og Ølensvåg er kombinert med gymnastikksalar, i Vikedal og Skjold med idrettshallar og i Vats med symjehall. Bygga i Sandeid og Ølen er reine kulturbygg. Når det gjeld bygga i Imsland, Vikebygd og Ølensvåg har desse leigeavtalar med Vindafjord kommune til bruk av salane i skulesamanheng, det same gjeld idrettshallane i Vikedal og Skjold.

2.5 Ungdomsklubbar i Vindafjord

Vindafjord har ungdomsklubbar i Vikedal, Ølen, Vikebygd og Skjold. Ungdomsklubben i Ølen, Public, er offentleg, dei andre har privat drift.

2.6 Fysisk aktivitet og helse

Fysisk aktivitet og helse blir stadig viktigare i eit samfunn der både born og vaksne sit stadig meir i ro. Idrettslag i kommunen og idrettsanlegga bidreg til å skape aktivitet. Fleire medlemmer i laga og større deltaking på aktivitetar vil difor slå positivt ut for dei som bur i kommunen.

Idrettsråd/klubb	Kvinner					Menn					Sum		
	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	K	M	Totalt
Bjoa IL	3	18	4	0	38	4	22	13	0	45	63	84	147
NMK Vikedal	0	3	8	5	15	0	18	42	24	120	31	204	235
IL Skjoldar	28	69	64	12	131	27	71	61	13	160	304	332	636
SK Vats 94	0	50	20	0	48	0	54	24	9	73	118	160	278
Vikebygd IL	3	33	19	2	54	4	18	21	2	54	111	100	211
Vindafjord / Etne Ri-	0	4	13	3	10	0	0	5	1	7	30	13	43
Vindafjord IL	10	65	57	9	90	11	64	47	12	137	231	271	502
Vindafjord O-lag	0	0	0	0	2	0	0	0	0	2	2	2	4
Vindafjord Pistolklubb	0	0	0	0	0	0	0	0	0	10	0	10	10
Ølen IL	1	73	44	2	38	1	83	104	24	84	159	296	455
Ølen Trialklubb	0	0	0	0	0	0	0	9	1	4	0	14	14
Vindafjord idrettsråd	45	315	229	34	426	47	330	326	86	697	1049	1486	2535

2.6.1 Medlemstal i idrettslag i Vindafjord kommune.

Tabellen på førre side viser status når det gjeld medlemmer i idrettslag i Vindafjord. Tabellen er fordelt på gutter og jenter og i tillegg inndelt i ulike aldersgrupper

Skyttarlag:

I tillegg kjem Vindafjord Skyttarlag, Vikedal Skyttarlag, Sandeid Skyttarlag og Ølen Skyttarlag.

Andre lag:

Vindafjord Hundeklubb, Vindafjord Jakt og Fiskelag, Speidar- og 4H foreiningar. Den uorganiserte idretten kjem i tillegg

2.6.2 Oversikt over aktivitetar organisert av dei ulike laga

Oversikten under viser dei ulike aktivitetane som idrettslaga i Vindafjord tilbyr. Fotball er den største aktiviteten, og det er no tilrettelagt med ballbingar i alle bygder. For andre aktivitetar som symjing, ski og motorsport er det også tilbod i kommunen, sjølv om det vil vere lengre reisetid for mange for å kome til desse anlegga. I tillegg er det private treningsstudio som organiserer aktivitet.

1	Allidrett	14	Motocross
2	Aerobic	15	Segling
3	Bedriftsidrett	16	Skating
4	Friidrett	17	Ski – langrenn - rulleski
5	Fotball	18	Skyting
6	Handgliding	19	Sykling
7	Hestesport	20	Skøyting
8	Handball	21	Sportsdykking
9	Innebandy	22	Symjing
10	Kajakk	23	Volleyball
11	Orientering	24	Bordtennis
12.	Pistolskyting	25	BMX
13	Rallycross – bilcross	25	Tennis



Fjellstøl Ski- og Frilutsanlegg er det einaste interkommunale idrettsanlegget i Vindafjord. Her er det no heilt konkrete planar for eit nytt servicebygg.

2.7 Eigarskap

2.7.1 Kommunale forpliktingar for drift av anlegg

Vindafjord kommune har ulike forpliktingar når det gjeld eigarskap og drift av idrettsanlegg og kulturbrygg i Vindafjord. Tabellen nedafor gir eit oversyn over dei anlegga som kommunen eig, har gitt kommunal grunn eller på ein eller annan måte er involvert i.

Anlegg	Grunn	Eigar	Drift
Fjellstøl Ski- og Friluftsanlegg	Statleg	Vindafjord kommune	Vindafjord kommune
Vindafjordhallen,	Kommunal	Vindafjord kommune	Partslag / tilskot
Vikedal Idrettsanlegg	Kommunal	Vindafjord kommune	Vindafjord kommune
Skjold Idrettsanlegg	Kommunal	Vindafjord kommune	Vindafjord kommune
Vikedal Idrettshall	Privat	Vikedal Bygdahus	Vikedal Bygdahus
Skjold Arena	Kommunal	Skjold Arena	Skjold Arena
Sandeid kunstgrasbane	Kommunal	Vindafjord IL	Vindafjord IL
Vats kunstgrasbane / grusbane	Kommunal	SK-Vats 94	SK-Vats 94
Øvre Vats Grasbane	Kommunal	Vindafjord kommune	SK-Vats 94
Vikebygd grasbane / grusbane	Kommunal	Vikebygd IL	Vikebygd IL
Bjoa Grusbane	Privat	Bjoa IL	Bjoa IL
Ølen kunstgrasbane	Privat	Ølen IL	Ølen IL

2.7.2 Interkommunale anleggssamarbeid

Vindafjord kommune er med i eit interkommunalt samarbeid når det gjeld bygging, vedlikehald og drift av idrettsanlegg, og utvalet (Interkommunalt Utval for Idretten ,IUI) er samansett med representantar frå administrasjonen i kommunane og valde politikarar.

Karmøy, Sveio, Haugesund, Tysvær, Bokn, Vindafjord er med i samarbeidet, og det første idrettsanlegget som vart bygd i 1987 var Fjellstøl Ski og Friluftsanlegg. Fram til 2000 vart det bygd kano-kajakkanelegg i Tysvær, motorsportsanlegg på Karmøy og golfanlegg i Sveio.

Dei siste åra har dette samarbeidet resultert i bygging av ishall og friidrettshall i Haugesund og handballhall i Tysvær, og det er no konkrete planar om eit nytt servicebygg på Fjellstøl Ski og Friluftsanlegg.

I tillegg til bygging av anlegg har dei seks samarbeidskommunane også eit driftssamarbeid, og eit utval (IKUI) samansett av representantar frå administrasjon og drift. Utvalet har møter / samlingar tre gonger i året. Utvalet arrangerer i tillegg felles maskinmesse, dagkonferansar og studieturar med ulike tema. Fokus den siste tida har vore drift av symjehallar og korleis unngå hærverk. Utvalet har kjøpt inn større spesialmaskinar til vedlikehald av grasbanar. Maskinane blir nytta av kommunane, og kan leigast av idrettslag.

Avtalar om bruk av regionale anlegg i kommunane:

Kommunane som har bidratt økonomisk har følgjande rettar:

Idrettslag i regionen har rett til å nytte anlegga for same kostnad som vertskommunen sine lag, men det må gjerast avtale. Skular og barnehagar har rett til å nytte anlegga i skuletida gratis, men må gjere avtale med vertskommunen.





Vikedal Idrettshall blir, som den nye hallen Skjold Arena, leigd ut til Vindafjord kommune til bruk i skulen.

3.Utfordring i framtida og forventa utvikling

- Etablere ei ordning for fordeling av midlar til utvikling, drift og vedlikehald av anlegg.
- Framtidig utvikling, drift og vedlikehald av anlegg.
- Engasjere ungdom i drift av anlegg.
- Auke dei kommunale midlane til utvikling, drift og vedlikehald av anlegg.

3.1 Føringer

Vi har ni levande bygder der idretts- og friluftsaktivitetar er ein viktig del av skulekvardagen og fritida. Per i dag er det ulike driftsmodellar. Målet må vere å få til ei fordeling av midlar til utvikling, drift og vedlikehald av anlegg.

Utvikling av anlegg skal prioriterast i Vikedal, Ølen og Skjold. Drift og vedlikehald gjeld alle anlegg.

Etter at fleir brukshallane i Skjold og Vikedal vart bygde i siste planperiode, er kommunen no godt dekka når det gjeld anlegg til idrettsleg aktivitet. Det er no svært lite behov for nye idrettsanlegg i Vindafjord, og nye anlegg skal berre unntaksvis byggjast i neste planperiode, 2015-2019. Fokus skal vere på utvikling, rehabilitering, drift og vedlikehald av eksisterande anlegg.

I punkt 1.3 i denne planen er det private initiativet omtala, og eldsjelene som har vore viktige både for utvikling, bygging og drift av anlegg. Frivilligheten er i endring, og det kan bli ei større utfordring i framtida å få folk med i frivillig arbeid enn det har vore fram til no.

3.2 Fysisk aktivitet og helse

Det bør vere eit hovudprinsipp at kommunen etter innspel legg til rette, medan lag og organisjonar driv aktivitetane. På den måten har vi eit felles ansvar for utviklinga, der brukarane aktivt kan delta i prosessen. Det er viktig å få brukaridentitet til aktivitetsarenaen.

Fysisk aktivitet gir mange ein betydeleg vinst med omsyn til helse. Fysisk inaktivitet kan føre til årleg helse. Å endre vanar og aktivitetsnivå til menneske handlar om å bevisstgjere, legge til rette og gi hjelp og støtte til å delta. Effekt av fysisk aktivitet som behandlingsmetode er godt dokumentert ved ulike psykiske lidingar, og behandlingseffekt er også dokumentert ved kroniske smertetilstandar og for rusavhengige. Brukarane må vere med frå starten, og det å utfalda seg og føle glede må vere mål for aktiviteten.

Folkehelse skal integrerast i alle kommunale planar. Det er utarbeidd ein nasjonal folkehelseplan. Med utgangspunkt i denne har kommunen utarbeidd ein lokal plan, og det er tilsett ein folkehelseinspirator i 80 % stilling.





Gjennom det kommunale turkartprosjektet vart minimum fem turar i kvar av dei ni bygdene i Vindafjord merka og lagt inn på kart.

3.3 Universell utforming

Det må vere ei målsetjing at Vindafjord kommune saman med idretten og friluftsrådet skal sikre at alle anlegg der det er mogeleg får universell utforming.

3.4 Idrettsanlegg

3.4.1 Fotballbanar

Utfordringar

Etablere eit godt drift- og vedlikehaldssystem av banane

Mål

1. Etablere eit driftsopplegg som gjer at me greier å halde både dei kommunale og private banane på eit bra nivå.
2. Investere i utstyr til vedlikehald av kunstgrasbanar og grasbanar.
3. Fotballbanane skal få eit årleg tilskot til drift og vedlikehald.



Ved Lundeneset Vidaregåande skule ligg det ein flott kunstgrasbane for fotball

Strategiar

Lage eigne driftsplanar for grusbaner, grasbaner og kunstgrasbanar.

3.4.2 Symjehall og symjebasseng

Mål: Gjennomføre utarbeidde Enøk-tiltak i symjehallane

3.4.3. Motorsportsanlegg

Mål

Vikedal Motorbane er hovudanlegget for motorsport i Vindafjord.

3.4.4 Skytebanar

Utfordringar

Få til ei betre utnytting av anlegga gjennom samarbeid mellom klubbane.

Mål

Skytebanen på Fikse er hovudanlegget for skyting i Vindafjord.

3.4.5 Skianlegg

Mål

Byggje nytt servicebygg på det interkommunale anlegget Fjellstøl Ski- og Friluftsanlegg.

Strategiar

Gjennom driftsavtalen mellom Vindafjord kommune og Vindafjord Idrettslag, sikre godt vedlikehald og utvikling av anlegget.

3.4.6 Idrettshus, fleirbrukshallar og gymnastikksalar

Utfordringar

Etablere eit godt drifts- og vedlikehaldssystem av anlegga.

Mål

Gjennomgang av drift- og betalingsordningane når det gjeld leige av idrettshallane i kommunen.

3.4.7 Orienteringskart

Mål

